

Fra: Jostein Klette (Jostein.Klette@osteroy.kommune.no)

Sendt: 26.09.2018 14:22:27

Til: Hellesøe, Hege Brekke

Kopi: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Emne: SV: Svar - Korrespondanse - Osterøy - Mindre endring av kommunedelplan for sjø og strandsone og kommuneplanen sin arealdel

Vedlegg: image001.jpg;Svar - Korrespondanse - Osterøy - Mindre endring av kommunedelplan for s....pdf

[Vi viser til dykker uttale i brev dagsett 21.09.2018, jf. vedlegg.](#)

De viser der til at: «*Om tiltaket er av eit slikt omfang at kommunen meiner at byggegrensa må endrast, må ein konkret vurdere dei almenne strandsoneverdiane kvart enkelt område og ev. etter dette trekke ei byggegrense i kartet og gje relevante føresegner til tiltaka på ein slik måte at strandsoneomsyna ikkje vert sett vesentleg til side. Vi vurderer då at omfanget av planendringa vert av ein slik storleik at endringa må handsamast som ei endring av plan».*

Kommunen legg i si planlegging til grunn både dei lovgjevne omsyna i plan- og bygningslova § 1-8 og dei regionale og nasjonale føringane for arealforvaltning i strandsona. Vi er soleis samd med fylkesmannen i vurderingane som må gjennomførast når det gjeld dei almenne omsyna i strandsona.

Kommunen ved underteikna kan ha vore uklår i bakgrunnen for at dette vert vurdert som ei mindre endring så eg vil prøve å konkretisera bakgrunnen tydlegare.

Kommunen har gjennomført eit kartlegging av funksjonell strandsone i tråd med den metodikken som mellom anna fylkesmannen har vore med å utarbeida. Alle relevante omsyn for heile strandsone ned på detaljnivå har blitt kartlagd.

For områda som er omfatta av mindre endring er det gjennomført ei konkret vurdering av strandsoneverdiane i kvart område i konsekvensutgreiinga som låg til grunn for kommunedelplan for sjø og strandsone. Det er i kvart av desse områda konsekvensutgreidd for at området vert delvis tilrettelagd som friområde eller friluftsområde. Konsekvensutgreiinga har vore ein del av dei tre offentlege ettersyna som mellom anna fylkesmannen har vore høyringsinstans på. I føresegndene er det konkretisert ein intensjon for områda og det er gjeve rammer for kva tiltak som kan gjennomførast.

Med andre ord så er dei konkrete strandsoneverdiane i dei aktuelle områda vurdert og dette er følgt opp i føresegndene. Dessverre så vart byggegrensa ved ein teiknfeil ikkje korrelert i kartet.

I tillegg til dei områda som ligg i gjennomført konsekvensutgreiing var det eit ynskje om at det kommunalt eigde området ved Neset - Bruvik skulle kunne gjennomførast tiltak ettersom BOF er i dialog med kommunen om å drifta dette området, og i tillegg til to mindre friområde i Fotlandsvåg som ligg i gjeldande reguleringsplan, skulle vurderast i denne endringa.

På bakgrunn av at kommunen har utgreidd og vurdert dei almenne strandsoneomsyna i kvart enkelt område, med unntak nemnd ovanfor, og fulgt opp dette i føresegndene, ber vi om at de vurderar saka på ny.

Dersom det er ynskje om ei ytterlegare konkretisering så kan vi gå inn i kart og avgrense byggegrensa i kvart frilufts- og friområde slik at det kjem enda tydlegare fram, og ein unngår at byggegrensa vert trekt til sjø i heile områda.

Med venleg helsing

**Jostein Klette
Planleggjar**



T / 56 19 21 71

E / jostein.klette@osteroy.kommune.no

W/ www.osteroy.kommune.no

Fra: Hellesøe, Hege Brekke [mailto:fmhohbh@fylkesmannen.no]

Sendt: fredag 21. september 2018 12.31

Til: Post Osterøy

Kopi: Jostein Klette

Emne: Svar - Korrespondanse - Osterøy - Mindre endring av kommunedelplan for sjø og strandsone og kommuneplanen sin arealdel

Sjå vedlegg.

Med venleg helsing

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
kommunal- og samfunnsplanavdelinga
tlf: 55 57 23 52

www.fylkesmannen.no/Hordaland

[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

[Send melding til Fylkesmannen](#)